



FAU ved Kaupanger skule

Hei, og godt nyttår alle saman!

FAU (føresette sitt arbeidsutval) ved Kaupanger skule har møte **torsdag 13. januar 2022**. FAU ynskjer innspel til saker som bør drøftast i møtet og evt. med skuleleiinga. FAU møter deretter i Samarbeidsutvalet (SU) og Skulemiljøutvalet (SMU) og torsdag 20 januar.

I SU OG SMU sit det representantar frå:

- FAU
- tilsette ved skulen og SFO
- elevråd
- politisk representant frå kommunen (Olaug Marie Bjelde) og rektor.

Sakslista til FAU-møtet er førebels slik:

1. Skuleutviklingsprosjektet
2. Skulebana
3. Trafikksikkerheitskartlegging og innspel til arealplan
4. Innspel til neste SMU-møte
5. Innspel frå føresette
6. Siste nytt om FAU som organisasjon
7. Ymse

Innspel kan gis via klassekontaktane som vidareformidlar, på epost FAUKaupangerSkule@sogndal.kommune.no eller ved å ringe FAU-leiar Stein Joar Hegland på 41501553 (også om ein lurar på noko).

Beste helsing
Stein Joar